



Til  
**Samferdselsdepartementet**  
**v/ Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen**  
**Postboks 8010 Dep**  
**0030 Oslo**

## **Utgreiing av tunell som permanent vegløysing for Rv 13 langs Granvinsvatnet i Granvin herad.**

Intereseselskapet Fjordvegen Rute 13 er eit samarbeidselskap for utvikling av den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet. Traseen for Rv/Fv 13 gjeld 18 kommunar og går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Rv/Fv 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom både for næringsliv/turisme og innbyggjarar.

Selskapet si rolle er å fremja Rv/Fv 13 i arbeidsfeltet mellom offentlege og private store aktørar, på tvers av fylkesgrensene og som viktig aktør for regionbygging på indre Vestland.

**Vi viser til hendinga den 27. april 2016 med utrasing av massar på Rv 13 langs  
Granvinsvatnet. Dette skjedde i samband med bygginga av Jobergtunellen og heving  
av vegnivået sør for tunellen.**

**Intereseselskapet Fjordvegen Rute 13 ber om at tunell på Rv 13 langs Granvinsvatnet  
vert vurdert som eit reelt alternativ til veg i dagen.**

Det er kjent at grunnen er ustabil på denne strekkja. Ny oppbygging av veggrunnen i det utrasa området vil vera usikker. I tillegg vil det vanskeleg å gjennomføra den naudsynte utbetringa av vegen forbi Granvin kyrkje på ein trygg måte mht grunntilhøva.

Ei trafikksikker veg langs Granvinsvatnet må innhalda ei utbetring også ved Granvin kyrkje. Statens vegvesen har i fleire tiår prøvd å finna ei løysing for dette, men dei ustabile grunntilhøva har så langt hindra gjennomføring av tiltaket.

Ein tunell på ca 4 km langs Granvinsvatnet må vurderast som alternativ til veg i dagen.

Kinsarvik 26.05.2016

I/S Fjordvegen Rute 13

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar  
[www.fjordvegen.no](http://www.fjordvegen.no)  
Hardangerrådet iks signar digitalt

Kopi til: Hordaland fylkeskommune v/ Fylkesordførar Anne Gine Hestetun  
Hordalandsbenken, Stortinget